



Kaland Trelast AS  
Keilevegen 45  
5953 FONNES

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 20/9972 - 22/42432

Saksbehandlar:  
Eirik Berntsen  
eirik.berntsen@alver.kommune.no

Dato:  
02.06.2022

## Ferdigattest - gbnr 134/348 Hilland

**Administrativt vedtak:** Saknr: 625/22  
**Tiltakshavar:** Dan Stephan Kaland  
**Ansvarleg søkjar:** Kaland Trelast AS  
**Søknadstype:** Søknad om ferdigattest

### VEDTAK

**Det vert gjeve ferdigattest for tomannsbustad på gbnr 134/348. Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova § 21-10.**

Det vert elles vist til søknad motteken

### KOMMUNENS VURDERING AV SØKNADEN

Ansvarleg søkar har erklært at tiltaket er ferdigstilt. Vidare har søkar stafesta at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav i plan- og bygningslova og rammeløyve datert 07.10.2019.

### Avvik i søknaden om ferdigattest

Tomannbustaden er over 300 m<sup>2</sup> og krev avfallsplan, jf. byggteknisk forskrift § 9-6. Vidare er det krav til sluttrapport etter § 9-9. Dette er ikkje sendt inn, og avfallet er handsamme og levert av tiltakshavar. Dette er eit avvik som vil oversendast tilsynsavdelinga for eventuell vidare handsaming.

Ettersom det ikkje er mogleg for søkar og utførande å retta denne feilen i etterkant, finn vi at ferdigattest kan utstedats.

Det er også avvik på gjennomføringsplanen. Søkar ikkje har bekrefta at han har mottatt samsvarserklæringar i frå ansvarlege foretak. Ettersom søkar har bekrefta at alle

ansvarsområder er avslutta, legg vi til grunn at søker har mottatt samsvarserklæringer frå alle foretak.

Vi gjer vidare merksom at det må søkast om ferdigmelding til kommunens VA-avdeling.

## **GENERELL INFORMASJON**

### **Regeleverk**

- Krav om sluttkontroll og ferdigattest følgjer av plan- og bygningslova (pbl) § 21-10.

### **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

### **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentlig forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 20/9972

Med vennleg helsing  
Alver kommune

Eirik Berntsen  
Avdelingsleiar

Eirik Berntsen  
Avdelingsleiar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Kopi til:**

Dan Stephan Kaland

Hamangskogen 23 1338

SANDVIKA

### **Mottakarar:**

Kaland Trelast AS

Keilevegen 45 5953

FONNES